

Referat frå årsmøte i vennelaget for Lensmannsgarden

Onsdag 15.mars 2017 kl. 19.00 i Løestova

Det var 11 frammøtte.

Sak 1: Val av møteleiar

Leiar i styret, Kjetil Skrettingland, vart vald til møteleiar

Sak 2: Val av referent og personar til å signera møteboka

Karin Hauge vart vald som referent. Jon Harald Håland og Solveig Ånestad vart samrøystes velde til å signera årsmøteprotokollen.

Sak 3: Årsmelding

Kjetil las opp årsmeldinga. Det var ingen merknadar til årsmeldinga og den vart samrøystes vedteken.

Sak 4: Rekneskap

Odd gjekk gjennom rekneskapan for Vennelaget. Det vart litt diskusjon rundt at vennelaget hadde brukt egne midlar til å dekkja utgifter til varmevifter oppe på løa. Dette meinte enkelte at vi kunne søkt kommunen om å betala.

Det kom også innspel om at arrangementa som Vennelaget arrangerer ikkje bør vera gratis. Kan heller ta inngangspengar, og at kaffi og evt. mat er inkludert i den prisen. Vennelaget tar dette til etterretning.

Sak 5: Arbeidsprogram for komande styreperiode

Kjetil las gjennom programmet for 2017.

Angående punktet om å vera støttespelar for aktivitetsleiar, kom det fram at vi i fyrste omgang vil vera med å hjelpa til ved arrangement som vert haldne på løa, men vil vurdera dette frå gong til gong. Under punktet om å bidra med prosjektbasert vedlikehald kjem dugnaden med golvet i siloen.

Ifm byggjing av heis har vennelaget sagt seg villige til å vera med på grunnarbeidet.

Det kom fram forslag om å laga til sosialt treff for familiar, der «våre nye landsmenn», tilflytjarar og lokale familiar kan koma saman. Dette for at alle skal føla seg integrerte og bedre læra seg språk og kultur. Aktivitetar på treffa kan f.eks. vera matlaging, sang og dans. Styret tenkjer vidare på saka.

Det kom forslag om å skriva historie frå Lennsmannsgarden. Kjetil har mange dokument, ein del utklypp og egne notatar. Dette skulle blitt systematisert og sett saman til ein historie. Det blei bestemt at det skal arbeidast vidare med kven som evt. kan passa til og vera villige til å systematisera dette.